



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 30. november 2016 kl. 09.00 – ca. 11.00
Stad: Formannskapssalen, rådhuset
Tilstade: Rolf Henning Hegland (nestleiar), Kåre Helge Østrem, Anne Kristin Tonning og Sissel Bjørke (vara for Hege Kristine Mjelde)
Forfall: Peder Jøsendal (leiar) og Hege Kristine Mjelde
Innkalla: Ordførar Astrid Aarhus Byrknes (til sak 58/16) og økonomisjef Janne Sund (til sak 59/16)
Frå revisjonen: Espen Hordvik (til sak 60/16)
Sekretær: Tonje Husum Aarland

55/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste er godkjent.

56/16 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå sist møte 26.11.16 er godkjent.

57/16 Skriv og meldingar

Det var ingen skriv og meldingar.

58/16 Dialog med ordfører

Ordfører Astrid Aarhus Byrknes og kontrollutvalet hadde dialog om året som er gått og aktuelle saker. Det vart særleg peika på kommunesamanslåinga og rullering av kommunale planar. Det er ønskjeleg med faste orienteringar frå kommunen i kvart møte til kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for dialogen.

59/16 Orientering om interne rutinar ved rekneskapsføring

Kontrollutvalet har i løpet av året fått økonomisk rapport for utgiftposten for kontroll og tilsyn.

Økonomisjef Janne Sund orienterte om interne rutinar for rekneskapsføring knytt til kontroll og tilsynsarbeidet. Kontrollutvalet diskuterte saman med økonomisjefen gode rutinar for å sikre god internkontroll gjennom året over rekneskapet til kontroll og tilsynsarbeidet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og er fornøgd med forslaga til dei nye internkontrollrutinane.

60/16 Orientering om interimrevisjon, Deloitte AS

Rekneskapsrevisjonen orienterte om interimrevisjon av Lindås kommune 2016 og peika mellom anna på:

- Lønn og systemutfordringar med Visma
- Pensjoner
- Innkjøp
- Vedtatt nytt finansreglement
- Meirverdiavgiftskompensasjon
- Refusjon av sjukepengar
 - o Det er mellom anna vist seg å vere eit gammalt avvik i arbeidsgivaravgifta med eit større tap.
- Sosiallån

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa. Kontrollutvalet ønskjer å få ei orientering frå administrasjonen om avviket i arbeidsgivaravgifta og rutinane rundt dette på neste møte i kontrollutvalet.

61/16 Orientering om kurs

Norges kommunerevisorforbund (NKRF) heldt årleg ein konferanse for kontrollutval. NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2017 er satt til 1. – 2. februar på The Qube på Gardermoen. Påmeldingsfrist er 15. desember 2016:

http://www.nkrf.no/kurs_cms/Fagkonferanse_og_seminar/NKRFs_Kontrollutvalgskonferanse_/detaljer

Sekretariatet orienterte om kurs for kontrollutvala.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa.

62/16 Møteplan 2017 for kontrollutvalet

Kontrollutvalet gjennomgjekk utkast av møteplan 2017 for kontrollutvalet og diskuterte faste saker for det kommande året.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok møteplan 2017 slik den ligg føre med desse møtedatoane: 25. januar, 1. mars, 19. april, 31. mai, 6. september, 18. oktober og 22. november.

63/16 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

64/16 Eventuelt

- Bergen og Omland havnevesen (BOH)

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek eventuelt til orientering.

Neste møte i kontrollutvalet er 25. januar kl. 09.00.

Saker til neste møte:

- Kontrollutvalet si årsmelding
- Orientering frå administrasjonen om avviket i arbeidsgivaravgifta og rutinane rundt dette.



Knarvik, 30.11.2016

A handwritten signature in blue ink, reading "Rolf H. Hegland".

Rolf Henning Hegland, nestleiar

A handwritten signature in blue ink, reading "Tonje Husum Aarland".

Tonje Husum Aarland, sekretær